



**ULVIK HERAD**  
Skeiesvegen 3  
5730 ULVIK

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

**Dykkar ref.:**

**Vår ref.:**

15/220-9/K1-216, K2-S05/LPR

**Direkte innval:**

56 52 70 55

**Dato:**

22.06.2021

### Høyringsfråsegn - vilkårsrevisjon for Eidfjord Nord reguleringa

Visar til vilkårsrevisjon for Eidfjord Nord reguleringa, og høyring på Statkraft Energi AS sitt revisjonsdokument til saken. Ulvik heradsstyre har fatta fylgjande vedtak om høyringsfråsegn til revisjonsdokumentet:

#### «HST- 030/21 Vedtak:

##### Samrøystes vedtak:

*Ulvik herad tek revisjonsdokumentet til Vilkårsrevisjon Eidfjord Nord av desember 2020 til orientering. Dokumentet oppfyller i hovudsak våre krav og forventningar til dokumentasjon frå Statkraft i samband med revisjonen.*

*Me vil likevel påpeke fylgjande:*

- Eit eige avsnitt om kunnskapsgrunnlaget for Osavassdraget og magasina på Osafjellet må takast inn i revisjonsdokumentet.*
- Heile kunnskapsgrunnlaget i form av relevante rapporter, undersøkingar, konsesjonssøknader, revisjonsdokument ol. må leggjast inn i Vann-nett på alle aktuelle vassførekomstar.*
- Det felles fiskefondet for Eidfjord og Ulvik er etter vårt meining eit økonomisk vilkår, som er direkte knytt til miljøforholda, og såleis gjenstand for vilkårsrevisjon.*
- Fjellområda må verdsetjast høgare enn det Statkraft legg til grunn med tanke på villrein. Dei seinare åra har det skjedd mykje med CVD som belastar villreinen. Reinen er hardt pressa frå fleire hald, og områda rundt reguleringa kan ha stor betydning for reinen sin framtid regionalt.*
- Også sjøauren er pressa frå fleire hald. NVE må vurdere vilkåra for konsesjonane etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12. Samla belastning (§ 10) og føre-var prinsippet (§ 9) må vektleggjast i vurderinga med tanke på villrein, sjøaure, grunnvatn og økosystema i Osa og på Osafjellet i sin heilskap*
- Miljøbasert minstevassføring i Osa handlar om meir enn sjøaure. Minstevassføring vil òg ha*



Hardanger

E-post  
postmottak@ulvik.kommune.no

Telefon  
56527000

Bankkontonr  
3450 19 70001

Organisasjonsnr  
971 159 928



*positiv effekt på grunnvatnet. Grunnvatnet i Osa er drikkevasskjelde for heile Ulvik (og i tillegg eksportvare). Dette må NVE ikkje neglisjere i sin vurdering.*

- *Utbygginga av Våtekleivbekkane bidreg til auka samla belastning på både grunnvatn og økosystem i Osa.*
- *Korleis vasskraftutbygginga har påverka økosystemet i fjorden og produksjonen av fisk og yngel i fjordsystemet er eit tema, som bør belysast betre i framtida.»*

Kopi av sakspapiret ligg vedlagt.

Med helsing

Lars Præstiin  
skogbrukssjef

**Vedlegg**

Høyring av vilkårsrevisjon for Eidfjord Nord reguleringa

150201